

Folkefest då Gull av Grus vart opna i dag.

01.05.2018



Svein Arne Eidsvik er klar for snorklipping, her saman med Bjørn Olav Tveit (prosjektleiar) og Magnhild Haugland (styremedlem i Sparebank1-stiftinga, Kvinnherad).

Det var reine fokefesten på Kunsten i dag då prosjektet Gull av Grus høgtidleg vart opna med snorklipping av Svein Arne Eidsvik, styreleiar i Sparebank1-stiftinga, Kvinnherad. Stiftinga har løyvd kr. 1,025 mill. kr. til Gull av Grus, tildelt i tre omgangar. Av tiltak som står att, er mellom anna å få på plass Skatepark og ei redskapsbu.

Bjørn Olav Tveit frå prosjektgruppa helsa alle velkomne og fortalde kort om Gull av Grus. For fem år sidan var det ein grusbane med avgrensa bruk. Her måtte noko gjerast. Med ein demokratisk prosess og involvering frå bygdefolket, skulen og helselaget vart prosjektet til der målet er å skapa aktivitet og møteplassar. Så langt har alt vore vellukka. Plassen vert brukt kvar dag i veka til ulike aktivitetar.



Uskedal musikklag opna sin avdeling med vårsongen No livnar det i lundar.

Uskedal musikklag spela til opninga og Eidsvik kunne klippa snora med å sei at Gull av Grus er opna. Han minna om ny søknadsrunde til hausten og fortalde at ved tildelinga i vår, gjekk hovudsummen til nytt tak på Aktivitetshuset.

Uskedal helselag har vore og er ein sentral aktør i prosjektet. Klara Bakke fortel til Uskedalen.no at deira oppgåve har vore å skaffa midlar til treningsapparata, benker, asfalt og beplantning. Noko av midlane er tildelt ved søknad frå Extra stiftinga.

Fleire innlegg frå opninga vert lagt ut seinare.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Uskedal helselag har vore og er ein sentral aktør i prosjektet Gull av Grus. F.v: Klara Bakke, Anette Sund, Randi Nybakk, Marian Hauso, Haldis Åkra, Eli Roseth Eik, Gina Soldal, Line Soltveit.